



Eksamensoppgave

22.05.2019

NOR1212-NOR1232 Norsk sidemål

Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---------------------------|--|
| Eksamensstid | Eksamen varer i 5 timer. |
| Hjelpemiddel | <p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetningsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p> |
| Bruk av kjelder | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | <p>Fugelli, Per. «Jeg heier på det vanlige mennesket». Foredrag på Prestasjonskonferansen 2015, trykt i Aftenposten 23.09.2015 https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/vrq4/Jeg-er-forelsket-i-det-vanlige-mennesket-Derfor-er-jeg-imot-prestasjonskulturen--Per-Fugelli Nedlastingsdato 28.10.2018</p> <p>Gilde. «Det ligger i vår natur». Ukeadressa, 08.09.2018</p> <p>Hagerup, Inger. «Forspill». <i>Flukten til Amerika</i>. Oslo: Aschehoug, 1942</p> <p>Kaldhol, Marit. «Blodspor». <i>Mjølketannmuseet. Forteljingar</i>. Oslo: Samlaget, 2018</p> <p>Lindmo, Anne. Intervju med Are Kalvø. <i>Lindmo</i>, https://tv.nrk.no/serie/lindmo 21.09.2018 Transkribert utdrag</p> <p>Renberg, Tore. <i>Vi ses i morgen</i>. Oslo: Forlaget Oktober, 2013</p> <p>«Soga om Ragnar Lodbrok». <i>Norrøne bokverk. Soga um Ragnar Lodbrok</i>, Oslo: Samlaget, 1944. Utdrag, språkleg tilrettelagd</p> <p>Tidemand, Adolph og Hans Gude. «Brudeferd i Hardanger». 1848. Foto: Børre Høstland, © Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design</p> <p><i>Vikings</i> sesong 2, illustrasjon. http://images6.fanpop.com/image/photos/37600000/Vikings-Season-2-Ragnar-Lothbrok-official-picture-vikings-tv-series-37651272-1334-1000.jpg Nedlastingsdato 28.10.2018</p> |
| Informasjon om oppgåva | Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12. |
| Informasjon om vurderinga | Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider. |

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Vil du ha meg? (Sandra)» av Tore Renberg, 2013

Gjer greie for nokre av verkemidla som blir brukte for å skildre Sandra.

Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Brudeferd i Hardanger», måleri frå 1848
- «Det ligger i vår natur», annonse for Den Norske Turistforening frå matprodusenten Gilde, 2018
- Utdrag frå eit intervju med Are Kalvø i tv-programmet *Lindmo*, 21.09.2018

Skriv ein resonnerande tekst der du drøftar kva funksjonar naturen kan ha i førestillingane våre om det norske. Bruk eksempel frå alle dei tre vedlegga.

Kommentar: Du skal bruke vedlegga, og du kan også bruke andre eksempel og tekstar du kjenner til.

Oppgåve 2, 3 og 4 står på neste side.

Oppgåve 2

Vedlegg:

- Utdrag frå sagaen *Soga om Ragnar Lodbrok*

Soga om Ragnar Lodbrok er ein norrøn saga. Han er skriven rundt år 1300, medan handlinga går føre seg på 800-talet. Sagaen er utgangspunktet for tv-serien *Vikings*.

Gjer greie for sagatrekk i det vedlagde tekstutdraget, og reflekter over kvifor trekk frå den norrøne litteraturen framleis blir brukte i for eksempel litteratur, film, dataspel, musikk og tv-seriar.

Kommentar: Oppgåva er todelt. I den første delen skal du kommentere både form og innhald. I den siste delen skal du vise evne til refleksjon og bruke eksempel du kjenner til.

Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Jeg heier på det vanlige mennesket», foredrag av professor Per Fugelli på Prestasjonskonferansen 2015, Aftenposten 23.09.2015

Formuler kort kva som er hovudbodskapen i foredraget, og analyser teksten. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk.

Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Forspill» av Inger Hagerup, 1942
- «Blodspor» av Marit Kaldhol, 2018

Tolk og samanlikn dei to tekstane.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i dei to tekstane og bruke relevant fagspråk.

Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|----------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 5 timer. |
| Hjelpebidrifter | <p>Alle hjelpebidrifter er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpebidrifter under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p> |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | <p>Fugelli, Per. «Jeg heier på det vanlige mennesket». Foredrag på Prestasjonskonferansen 2015, trykt i Aftenposten 23.09.2015 https://www.aftenposten.no/mening/kronikk/i/vrq4/Jeg-er-forelsket-i-det-vanlige-mennesket-Derfor-er-jeg-imot-prestasjonskulturen--Per-Fugelli Nedlastingsdato 28.10.2018</p> <p>Gilde. «Det ligger i vår natur». Ukeadressa, 08.09.2018</p> <p>Hagerup, Inger. «Forspill». <i>Flukten til Amerika</i>. Oslo: Aschehoug, 1942</p> <p>Kaldhol, Marit. «Blodspor». <i>Mjølketannmuseet. Forteljingar</i>. Oslo: Samlaget, 2018</p> <p>Lindmo, Anne. Intervju med Are Kalvø. <i>Lindmo</i>, https://tv.nrk.no/serie/lindmo 21.09.2018 Transkribert utdrag</p> <p>Renberg, Tore. <i>Vi ses i morgen</i>. Oslo: Forlaget Oktober, 2013</p> <p>«Soga om Ragnar Lodbrok». <i>Norrøne bokverk. Soga um Ragnar Lodbrok</i>, Oslo: Samlaget, 1944. Utdrag, språklig tilrettelagt</p> <p>Tidemand, Adolph og Hans Gude. «Brudeferd i Hardanger». 1848. Foto: Børre Høstland, © Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design</p> <p><i>Vikings</i> sesong 2, illustrasjon. http://images6.fanpop.com/image/photos/37600000/Vikings-Season-2-Ragnar-Lothbrok-official-picture-vikings-tv-series-37651272-1334-1000.jpg Nedlastingsdato 28.10.2018</p> |
| Informasjon om oppgaven | Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12. |
| Informasjon om vurderingen | Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utanningsdirektoratets nettsider. |

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Vil du ha meg? (Sandra)» av Tore Renberg, 2013

Gjør greie for noen av virkemidlene som blir brukt for å skildre Sandra.

Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- «Brudeferd i Hardanger», maleri fra 1848
- «Det ligger i vår natur», annonse for Den Norske Turistforening fra matprodusenten Gilde, 2018
- Utdrag fra et intervju med Are Kalvø i tv-programmet *Lindmo*, 21.09.2018

Skriv en resonnerende tekst der du drøfter hvilke funksjoner naturen kan ha i forestillingene våre om det norske. Bruk eksempler fra alle de tre vedleggene.

Kommentar: Du skal bruke vedleggene, og du kan også bruke andre eksempler og tekster du kjenner til.

Oppgave 2

Vedlegg:

- Utdrag fra sagaen *Soga om Ragnar Lodbrok*

Soga om Ragnar Lodbrok er en norrøn saga. Den er skrevet rundt år 1300, mens handlingen foregår på 800-tallet. Sagaen er utgangspunktet for tv-serien *Vikings*.

Gjør greie for sagatrekk i det vedlagte tekstuddraget, og reflekter over hvorfor trekk fra den norrøne litteraturen fortsatt brukes i for eksempel litteratur, film, dataspill, musikk og tv-serier.

Kommentar: Oppgaven er todelt. I den første delen skal du kommentere både form og innhold. I den siste delen skal du vise evne til refleksjon og bruke eksempler du kjenner til.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Jeg heier på det vanlige mennesket», foredrag av professor Per Fugelli på Prestasjonskonferansen 2015, Aftenposten 23.09.2015

Formuler kort hva som er hovedbudskapet i foredraget, og analyser teksten. Bruk begrep fra retorikken.

Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Forspill» av Inger Hagerup, 1942
- «Blodspor» av Marit Kaldhol, 2018

Tolk og sammenlign de to tekstene.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i de to tekstene og bruke relevant fagspråk.

Vil du ha meg? (Sandra)

Er jeg en storm? Er jeg elektrisk?

Hun skal fylle seksten om noen måneder, hun svetter i pannen, oppunder hårfestet, hun skjelver rundt munnen, og hun vet hun må skynde seg. Jenta går med svikt i knærne, rettskåren, blond pannelugg og glitrende lipgloss. Hjertet er viltet og forsterket, hun føler seg svak, hun føler seg sterk.

Én sekstién over marken, to antente øyne, tre fregner over nesen.

Er hun det han må ha? Er hun uimotståelig? Den hvite bh-en, den hun har kjøpt uten at mor vet om det, den mor helt sikkert synes er vulgær, vil han like den?

Sandra trenger ingen søvn, hun trenger ingen hvile, hvorfor skal hun sove bort sekundene? Aldri mer vil hun sove, Sandra vil våke døgnet til ende, for hun har ikke tid til å miste et øyeblikk av det livet hun lever.

Terror, miljøkatastrofer, finanskriser. Det er mulig det finnes der ute, det er mulig det er viktig, for mor, for far, for lærerne, for de voksne, men det finnes ikke for henne. Verden er forsvunnet. Alt hun har, er varme og redsel, hastverk og engstelse. Alt hun kjenner, er dette yret på innsiden av kroppen, som om det faller et fremmed regn der inne, farlig og herlig. For Sandra skal ut og treffe den hun elsker.

Han er vel der?

Hun klemmer hånda om sølvkorset som hviler i halsgropen, hun stryker ermet over den klissvåte pannen. Det er flaut, hun har arvet det etter far. Han har alltid svedtemerker under skjorteermene når han henger fra seg dressjakka etter jobb og sier «ah, godt å være hjemme».

Kanskje hun burde skaffe seg et sjal hun kunne knytte fra nakken rundt pannen. Kanskje han ville like det. Han har vel ikke gått?

Sandra drar den tunge industristøvsugeren så hurtig hun kan over gulvet i butikken. Hun tar ikke fram mobilen og ser på klokka én gang i minuttet, hun ser på den hvert femte sekund og nå er den altfor mye, 20:50.

Han skal vente på henne ved strømhuset i Goseneskogen. Like ved Madlavoll skole. Like ved Gosen barnehage. Hun har gått begge steder. Han skal vente på henne. Og han lyger ikke, gjør han vel, for kjærligheten, den lyger ikke, gjør den vel?

Av Tore Renberg

Utdrag frå/fra romanen *Vi ses i morgen*, 2013

DNT
1863-2013

Naturen som ligger i vår natur

Norges kulturlandskap er levende historier om hvordan vi har levd lett på naturen. Åpne beitemarker, korn som varte i vinden. Setervoller dekket av markblomster. De mange stiene forteller også mye om oss: Å oppsøke naturen har alltid ligget i vår natur. Noe annet som ligger i vår natur er viljen til å bidra sammen. Takket være innsats fra medlemmer og frivillige kan alle som vil benytte seg av 22 000 km med merkede stier, og 550 åpne hytter over hele landet. Gildeagen ikke bare god turmat, de bidrar også til DNTs landsdekkende arbeid.

Bli medlem på dnt.no og bidra til Norges vakreste dugnad du også!

DET LIGGER I VÅR NATUR

DNT • NORSKE DINER • TURISTFONDEN





«Brudeferd i Hardanger», 1848. © Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design

Intervju med Are Kalvø

Utdrag frå eit intervju med komikaren Are Kalvø i tv-programmet *Lindmo*.

Anne Lindmo:

– Vi er jo oppdratt til å tenke at dette er urnorsk. Det ligger veldig dypt i DNA-et vårt: Vi vil opp og se hva som ligger der oppe på fjellet.

Are Kalvø:

– Eg har no skrive ei bok om å gå i naturen og har drive litt research. Ein skal ikkje veldig langt tilbake i historia for å finne ut at det er verken spesielt norsk eller spesielt folkeleg. Det er, som så mykje anna, importert frå utlandet og ganske snobbete. Importert frå rike overklassenengelskmenn som dreiv med dette. Kom til Noreg, gjekk omkring i fjellheimen. Norske bønder såg nok i liten grad poenget med å gå opp på toppane. Den Norske Turistforening, som organiserer alle desse hyttene oppi fjellheimen, er berre 150 år og blei starta i Oslo av folk som alle har etternamn med «ye» eller «ch» i og titlar som assessor og konsul, som ein elles er berre i Ibsen-stykke. Så det var ikkje noko krav nedanfrå at dette skulle bli ein folkeaktivitet. Men no driv jo alle med det, unntatt eg og nokre få andre. Men ... vi kjem til å bli fleire.

– Du har gjort et helhjerta forsøk, prøvd deg på noen reale fjellturer og besøkt DNT-hyttene, som ligger strødd i fjellheimen. Der samles man for å overnatte, få god mat osv.

– Det var jo det eg likte best med desse turane. Men det er ei veldig spesiell verd: Ifølgje statistikken sit det relativt høgt utdanna, godt betalte folk frå verdas rikaste land, stort sett ikledd undertøy og i sokkelesten og et gamaldags mat ved langbord og snakkar med sidemannen. Og ein blir ikkje kjent, for alle samtalane handlar om: Kor langt har du gått i dag? Kor langt i morgen? Gnagsår? Veldig mykje snakk om opne sår medan ein et. Ei spesiell form for samvær.

– Gjerne vise litt gnagsår òg?

– Og for all del ikkje klage over dei. Dei gjer turen og maten enda betre. Det er ei reise tilbake ... ikkje til ei anna tid, for den tida har neppe eksistert. Men til ein idé om gamle dagar. For ein et besteforeldremat frå 80-tallet: Steik til frukost, lunsj og middag. Veldig lite sånn moderne jálemat. Kabaret fekk eg servert. Det trudde eg var ein matrett som gjekk i ein konfirmasjon på 80-talet og aldri kom tilbake. Alle som går i dress til vanleg og har varme i golvet heime, er barske og tøffe. Ikkje noko er farleg eller vanskeleg. Ingen snakkar om noko som er vondt og vanskeleg, berre om det som er her og no. Ei verd utanfor verda. Enkelte treng kanskje det. Eg er ikkje så redd for verda.

21.09.2018



Illustrasjon: tv-serien Vikings, sesong 2

Soga om Ragnar Lodbrok

I dette utdraget får du høre om sønene til kong Ragnar Lodbrok og kona hans, Åslaug Sigurdsdatter, som blir kalla Kråka. I kvadet åtvarar Kråka mannen sin mot å ta henne for tidleg til sengs. Dersom han gjer det, vil barnet ta skade av det. / I dette utdraget får du høre om sønnene til kong Ragnar Lodbrok og kona hans, Åslaug Sigurdsdatter, som blir kalt Kråka. I kvadet advarer Kråka mannen sin mot å ta henne for tidlig til sengs. Dersom han gjør det, vil barnet ta skade av det.

Same kveld, då mennene skulle reie opp sengene, sa Ragnar at han ville at Kråka skulle liggje med han. Ho sa at det burde dei ikkje. «Eg vil at du skal halde bryllaup med meg når du kjem heim til riket ditt. Det vil være både deg og meg, og arvingane våre, dersom vi får nokon.» Han lova å gjere som ho sa.

Det gjekk godt på ferda deira. Ragnar kom heim til landet sitt, og der vart det no laga til selskap for han. Og no feira dei både heimkomsten og bryllaupet på same tid. Om kvelden då dei gjekk til sengs, ville Ragnar ha samleie med kona si; men ho bad om å få sleppe og sa at det var spådd at det ville straffe seg om dei låg saman. Ragnar sa at han trudde ikkje noko på slike spådommar. Han spurde kor lenge dei måtte halde seg frå kvarandre. Då kvad ho:

*Saman kvar for seg vi
sova lyt i tre netter,
før til gode gudar
glade vi blotar.*

*Varige mein, det veit eg,
vil sonen min elles få,
beinlaust barn du avlar
om brått du lysta stettar.*

Men Ragnar brydde ikkje seg om det som ho kvad, og han fylgte lysta si.

Det gjekk no ei tid. Dei levde godt saman og var glade i kvarandre. Så fekk Kråka barselsmerter og fødde eit gutebarn. Han fekk namnet Ivar. Denne guten var beinlaus; det var berre brusk der det skulle ha vore bein. Og medan han var ung, vart han større av vekst enn alle jamaldringane. Han var den venaste kar du kunne sjå, og så klok at det er uvisst om nokon har vore visare enn han.

Dei fekk fleire born òg: den andre heitte Bjørn, den tredje Kvitserk, den fjerde Ragnvald. Dei var alle saman store og djerfe, og lærte seg alle slags

idrettar så snart dei kunne ta seg til noko. Ivar kunne ikkje gå, men lét seg bera ikring på stenger der dei andre gjekk, og han skulle alltid bestemme kva dei andre skulle ta seg til.

[...]

Og no var det ein dag at Ivar snakka med brørne sine, Kvitserk og Bjørn, om kor lenge det skulle gå på dette viset, at dei sat heime og ikkje såg til å vinne seg ry. Dei sa at dei ville fylgja hans råd, i dette som i anna. «No», seier Ivar, «vil eg at vi skal be om å få skip og krigarar, slik at vi er godt utrusta, og så skal vi vinna oss gods og ære, om lukka vil vera med oss.»

Då dei vart samde seg imellom, sa dei til Ragnar at dei ville han skulle gje dei skip og folk som var røynde i hærferd og godt utstyrte på alle måtar, og Ragnar gjorde som dei bad om. Då folka deira var klare, segla dei utanlands. Og der dei kom i strid, sigra dei, og dei fekk med seg mange krigarar og mykje rikdom.

Språkleg tilrettelagd

Jeg heier på det vanlige mennesket

Per Fugelli (1943-2017) var ein kjend lege og professor i sosialmedisin. Han heldt dette foredraget ved Prestasjonskonferansen 2015, som var arrangert av Olympiatoppen og hadde som mål å fremje prestasjonstenking i toppidretten, organisasjonane og det norske samfunnet. / Per Fugelli (1943-2017) var en kjent lege og professor i sosialmedisin. Han holdt dette foredraget ved Prestasjonskonferansen 2015, som var arrangert av Olympiatoppen og hadde som mål å fremme prestasjonstenking i toppidretten, organisasjonene og det norske samfunnet.

Dere liker vel Jean Paul Sartre her på Prestasjonskonferansen? Eneren som nektet å ta imot Nobelprisen i litteratur. Han må være en mann etter deres grådige hjerte og olympiske hjerne, som krever: Høyere, raskere, sterkere. Men så sier Sartre: «Jeg har ett mål med mitt liv: Å få være et vanlig menneske. Jeg streber etter å være hvem som helst.»

Sier han det fordi det gjør vondt å tenke og han lengter etter å ha hjernen i fri, som folk flest? – Nei.

Sier han det fordi han ikke vil være et ett-tall, men ønsker seg inn i massen? – Nei.

Sier han det fordi han ikke tåler ekstremsonene og søker midtpunktets ro? – Nei.

Høyakter det vanlige mennesket

Jean Paul Sartre vil være et vanlig menneske, fordi han vet at det vanlige mennesket tenker i pine og lyst, pendler mellom «själens obotliga ensamhet» og flokkens trygghet, og eksperimenterer i livets laboratorium.

Jean Paul Sartre høyakter det vanlige mennesket. Det vanlige mennesket

finnes ikke som en grå A4-kopi. Det vanlige mennesket er en original som bare guder kan skape. Det vanlige mennesket er et eventyr som ikke har vært skrevet før. Det vanlige mennesket er romfarer i sitt personlige univers.

Kan vi bli enige om at vi avstår fra å bruke ord som forfører oss fra forstanden inn i raseriet, hysteriet og massepsykosen?

Det vanlige mennesket har villskap som må temmes. Det vanlige mennesket er gåte og uorden. Det er et blandet vesen: sterkt og svakt, friskt og sykt, med anlegg for godt og ondt. Slik er vi alle. Slik var Jean Paul Sartre. Han lengter etter seg selv når han vil være et ganske alminnelig menneske.

Jeg er også forelsket i det vanlige mennesket. Derfor er jeg imot den prestasjonskulturen som nå vokser seg stor og mektig omkring oss. Jeg misliker det menneskesyn og samfunnshåp en slik kultur, med tilhørende konferanser, står for.

Prestasjonskulturens bivirkninger

Den enøyde prestasjonskulturen skaper et skille mellom vinnere og tapere, mellom enerne og massen, mellom de med jernvilje og «bløtdyrene», mellom overmenneskene og undermenneskene. Idelet i en slik kultur er ambisjon, prestasjon, perfeksjon – uten grenser. Bli best – helst i verden.

Den ekstreme målsettingen skader menneskets og samfunnets helse på mange måter.

Vi får et sorteringssamfunn med dyrking av styrke og forakt for svakhet. Det blir vanskeligere å oppleve likeverd for syke, uføre og gamle i et samfunn som gjør den ypperste prestasjon til det eneste gull. Det gode samfunn trenger bindemiddel. All oppmerksomheten er løsemiddel.

Vi får et uærlig samfunn hvor menneskene går med heltemasker og gullmedaljer og roper: Alt på topp! Vi får mange slitne mennesker som løper på melkesyre mot mål som ligger altfor langt borte. Vi får en stim med egoister som rendyrker sitt eget talent, ofte på bekostning av å være til stede for andre. Livet og landet mister raushet, lek og trivsel fordi prestasjonskampen gjør oss strenge og sure.

Din egen målestokk

Jeg er ikke imot prestasjon. Tvert om. Det vanlige mennesket er født med et utviklingsgen som påbyr: «Ta deg i bruk, let etter anleggene dine, sett dem i foredling.» Det står til og med i Norges vakreste og Klokestes salme: «Å leva, det er å elska det beste di sjel fekk nå.» – Men det står det beste «di sjel fekk nå», ikke det beste en hysterisk olympiatopp og en rasende konkurranseøkonomi vil du skal nå. Chicago-forfatteren og nobelprisvinneren Saul Bellow er hundre år i år. Han hilser alle prestasjonsfokuserte med ordene: «I am not in this world to fulfill YOUR expectations.» Prestasjon er bra, men du må være din egen målestokk og unngå overdose.

Det siste året har jeg holdt foredrag i studentsamfunnene i Tromsø, Bergen og Trondheim. Tittelen var: «Professor Goodenough og jakten på

lykken». Det kom nesten 1000 unge mennesker for å få en beroligende melding: «Du er medfødt feilvare. Det er godt nok.»

De kom ikke for å høre: «Prester mer, vær mer glansbilde, vinn gull.» Nei, de lengtet etter å bli sett og godtatt som seg selv, det vil si ufullkomne skapninger som fortjener medalje som blandet regnskap, med pluss og minus, styrke og svakhet.

Onsdagslivet

Det er i det vanlige livet, på en onsdag, vi lager en god nok saus, gjør en god nok jobb, har et godt nok samleie, har et godt nok selvbilde – om enn med flekker og sprekker, prøver så godt vi kan å bry oss om flokken vår.

Det er dette onsdagslivet som fortjener begeistring, og dette onsdagsmennesket som fortjener hyllest. Det er der vi er nesten alle sammen, nesten hele tiden, i godt nok, alminnelig bra. Det er der vi må trives og bygge våre selvbilder.

Gå til alle de gamle visdomsskriftene i verden, Buddha-skriftene, de greske filosofene, Koranen, klok bok, Bibelen, klok bok – her er ordene som ruller som et ekko gjennom disse urgammle reseptene: likevekt, harmoni, balanse. Det er ingen guder, profeter eller tenkere med bærekraft som kommanderer: Prester mer!

Det vanlige livsprosjektet er vakkert og tappert og krevende og givende nok. Vi trenger ikke en prestasjonskultur som løper raskere og høyere og sterkere foran oss med et portrett av supermann og krever: Kom, dette er ditt selvbilde som du må stemme med for ikke å være avvik.

Gleder oss ved middels

Det er deilig å være en blant tolv på dusinet, for dette dusinet består av røvere og engler, trygge og redde mennesker, kåte og på felgen. Noen løser krysordet «Enkel nøtt» før de leser Baudelaire. Det er her vi er, vanlige folk på en ganske alminnelig onsdag. Her vil vi glede oss ved middels og ha fred for dem som roper:

– *Du må klatre høyere – du må løpe raskere – du må være sterkere!*

– *Nei!* synger vi i kor med Jean Paul Sartre og Ivar Aasen, i siste vers fra «Mellom bakkar og berg»:

*Lat no andre med storleiken bragla
Lat dei kivast om storleik og høgd,
Mellom kaksar eg kan ikkje trivast,
Mellom jamningar helst eg er nøgd.*

Jean Paul Sartre: fransk filosof og forfatter/forfattar, viktig representant for eksistensialismen «själens obotliga ensamhet»: sitat fra et/frå eit dikt av Hjalmar Söderberg, svensk forfatter/forfattar
Baudelaire: fransk modernistisk poet

Forspill

Trafikklyset i gaten står på stopp
og blinker i det våte mai-vær.
På fortauet er ferske søledammer.
Det lukter grønt fra plener og fra trær.
Syrinene står bittesmå i knopp.
Snart vil de briste ut i lilla flammer.

Så godt å gå med deg i lunkent regn
og vite at vi ingenting har sagt!
Ennå er ikke tiden *riktig* inne.
Men våre hjerter ligger alt på vakt
mot lykkens første hemmelige tegn,
den stumme sangen mellom mann og kvinne!

Av Inger Hagerup
fra diktsamlingen/frå diktsamlinga Flukten til Amerika, 1942

Blodspor

Ei kvinne gir bort hjartet sitt til ein mann. Han set
tennene i det, et grådig, et seg mett. Så leverer han
hjartet tilbake. Kvinna prøver straks å sette det på
plass, men det halvetne hjartet vil ikkje, kan ikkje, får
ikkje til å ligge i ro. Jamvekta er skipa. Hjartet tippar,
det fell ut igjen og igjen.

No dreg kvinna hjartet sitt etter seg i ei snor. Det er ei
smal snor, gul og uelastisk, same typen som butikkane
bruker til gåveinnpakking. Snora er stramt knytt rundt
hjartet.

Folk klagar over blodspor på fortauet. Folk vil ikkje sjå
ferske flekkar spreidde i betongen. Folk vil ikkje vite at
kvinna dreg hjartet med seg overalt, at ho ikkje slepper
taket i gåvesnora. Folk fnyser, folk meiner. Nokre seier
direkte til henne at ho heller burde skaffe seg ein hund.

Av Marit Kaldhol
frå/fra Mjølketannmuseet. Forteljingar, 2018

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no